



Christian Tyssebotn

5912 Seim

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar – tlf.	Arkivkode	Dato
	2007/2608 - 447/2008	Nils Kaalaas - 56 37 56 31	155/6	07.01.2008

Delegert sak handsama av avdelingssjefen

Jordmassar gbnr 155/6 Monstad

Saksdokument: Melding om mottak av jordmassar til utplanering dagsett 16.11.07.
Kart i mål 1:12000.

Det vert søkt om to tipplassar for jordmassar på gnr 155 bnr 6 Monstad. Massane skal nyttast til planering på eigedomen.

Teigen ligg i *Landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF)* i kommuneplanen. I landbruksplanen er området rekna som viktig landbruksområde.

Vurdering.

Kommunen meiner i utgangspunktet at planering av kupert areal og heving av lågtliggjande areal er positivt for kulturlandskapet. Det er ein føresetnad at arbeidet vert utført slik at det vert fullverdig jordbruksareal etter inngrepet. Då vert arealet lettare å driva. Hausting ved slått og beite gjev eit meir velstelt landskap.

Inngrepet må vurderast i høve til gjeldande lover og forskrifter. Vi finn det naturleg å vurderer søknaden i høve til *"Forskrift om anlegg, drift og vedlikehold av planeringsfelt"* og *"Plan- og bygningsloven"* (PBL) § 93.

Planeringsforskrifta er utforma med tanke på planering av morenemassar. Det er ikkje situasjonen her. Forskrifta er laga i medhald av forurensningslova og ein må vurderer tiltaket i høve til dette.

Planeringsforskrifta krev at det vert lagt fram plan for arbeidet. Planen skal godkjennast av kommunen. Etter PBL vert det også kravt plan, og det skal vera ansvarshavande for tiltaket. Lindås kommune reknar søkjar som ansvarshavande for tiltaket.

Vedtak:

Christian Tyssebotn får løyve til å ta imot jordmassar for seinare å planera dei utover på gnr 155 bnr 6. Det vert sett følgjande vilkår:

- Det skal berre nyttast reine massar som til dømes jord, stein, sand grus og leire.
- Massane må ikkje innehalde materiale som kan vera til skade eller ulempe for miljøet.
- Tipplassane er avgrensa til dei to som er merka på kartet.
- Det må avklarast med Statens vegvesen om løyve for avkjørsle for tipplassane.
- Løyvet gjeld i 4 år frå dags dato og det skal leggast fram plan for bruk av massane på eigedomen og at tipplassane etter denne tid er planert og tilsådde som fullverdig jordbruksareal.
-

Vedtaket har heimel i Forskrift om anlegg, drift og vedlikehold av planeringsfelt og Plan- og bygningsloven § 93.i.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr Lov om off. forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen du mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Nils Kaalaas

